



Invitasjon til informasjon - kunnskap om vindkraft i høve fråsegn til nasjonal ramme frå Sunnfjord.

FNF Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum for natur- og frilufsorganisasjonar i Sogn og Fjordane, som arbeider for å ta vare på natur- og frilufsinteressene i fylket. Per i dag er det 12 organisasjoner tilslutta FNF Sogn og Fjordane: Sogn og Fjordane Turlag (SFT), Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane, Fjordane Friluftsråd, Norsk Ornitologisk Forening avd Sogn og Fjordane, Kystlaga i Sogn og Fjordane, Sognefjorden Vel, Norges Speidarforbund i Sogn og Fjordane, Fortidsminneforeningen i Sogn og Fjordane, Klatreklubbane i Sogn og Fjordane, Sogndal Dykkarklubb og Gløppen Kajakklubb. Organisasjonene representerer rundt 19.000 medlem i fylket.

Sunnfjord kommunestyre skal i møte 27.november handsame sak om fråsegn til nasjonal ramme for vindkraft. Der er areal i Sunnfjord kommune, tidlegare Gaular, lagt inn som eigna og mindre konfliktfylte.

Gaular kommune og de andre kommunane i Sogn og Sunnfjord som fekk areal lagt inn i kart for eigna område i nasjonal ramme, har alle gitt tydelege fråsegn tilbake til NVE og utbyggjarselskap om at de ikkje ser sine areal og fjellområde som eigna for vindkraft eller mindre konfliktfylte enn andre areal og alle desse kommunane har bedt om at desse areala vert trekt ut av nasjonal ramme.

For å bidra til at saken vil vere godt opplyst før vedtak ønsker vi å bidra til at alle kommunestyrerepresentantane og gruppeleiarane får høve til auka kunnskap om vindkraft.

Vindindustri bandlegg omfattande område og gir store varige inngrep i store samanhengane naturområde.

Den 6. mai 2019 kom det internasjonale naturpanelet IPBES med ein alarmerande rapport, som det er umogleg å sjå vekk ifrå, når ein skal vurdere spørsmålet om meir vindkraft på land. IPBES hevdar tapet av naturmangfald er aukande og vil ha alvorlege konsekvensar for menneske verda rundt. Gjennomgripande samfunnsending må til, dersom vi skal klare å restaurere og beskytte naturen vår, hevdar både IPBES og det det internasjonale klimapanelet IPCC.

Det er openbert eit behov for å revurdere spørsmålet om det i det heile teke er politisk mogleg å legge til rette for vidare utbygging av vindindustri på land. Grunngevinga er dei alarmerande negative trendane i biodiversitet og økosystemfunksjonar globalt, også i Noreg og Sogn og Fjordane, og at IPBES seier at vi ikkje kan nå dei fleste samfunnsmessige og miljømessige mål med dagens kurs. Mål for 2030 og vidare kan berre bli oppnådd gjennom transformativ endringar på tvers av økonomiske, sosiale, politiske og teknologiske faktorar, hevdar IPBES. Dette må difor også bli vurdert i eit demokratisk perspektiv. knytt til

Basert på det kunnskapsgrunnlaget vi no har verkar det både sjølvmotsigande og svært risikofyllt, om ein vel å følge ein politisk utvikling som vil forsterke tap av biologisk mangfald og svekke økosystemfunksjonane ytterlegare, når vindindustri på land krev svært store areal, mange ulike arealinngrep, og fører med seg irreversible endringar i naturen.

FNF arrangerte eit fagleg seminar om vindindustri i Førde 22.mai i år. Vi oppmodar dykk om her å sjå [opptaka](#) frå seminaret, gjort av ei elevbedrift ved Hafstad VGS, eller sjå igjennom presentasjonane [her](#).

FNF heldt og eit ope folkemøte om vindkraft på Sande i Gaular, presentasjonane finn de [her](#).

NINA, institutt for naturforvaltning hadde og i sitt fagseminar 2019 om klima og naturmangfald oppe tema knytt til vindkraft og då særst problematikk kring fugletrekk og turbinlandskap. Sjå [opptaka](#) her.

Vonar de tek dykk tid til å sette dykk inn i saka og vidare forstå dei vedtaka som kommunane i Sogn og Sunnfjord har gjort og lagt til grunn for sine fråsegn til Nasjonal for vindkraft på land, der de ikkje ser sine areal eigna eller mindre konfliktfylte enn andre, og de ber om at desse vert trekt ut av ramma.

Venleg helsing

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

E-post: sognogfjordane@fnf-nett.no

Tlf: 480 20 532

Web: www.fnf-nett.no/sognogfjordane

Adresse: Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger

Org. nr.: 912 265 722

Elisabeth Dahle

Fylkeskoordinator
FNF Sogn og Fjordane

E-post: sognogfjordane@fnf-nett.no

Tlf: 480 20 532

Web: www.fnf-nett.no/sognogfjordane

Adresse: Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger

Org. nr.: 912 265 722

